



Audun Eik og Edvin Kjærland klare for innsetting av ei ny dør. (Foto: Ola Matti Mathisen).

26 uskedelingar har sidan april lagt ned 300 dugnadstimar med opprusting av det 73 år gamle ungdomshuset Helgheim. Innsatsen til dei einskilde varierar mellom tre og 80 timar. Det opplyser husstyreleiar og dugnadsbas Audun Eik til uskedalen.no når dei no har teke ein førebels pust i bakken. Det starta med vøling av ein alvorleg taklekkasje og så har det gått slag i slag.

- Vi er nok ikkje ferdige med takreparasjonen heller, men det kjem i hvert fall ikkje inn vatn lenger. Vi har teke den verste sida av taket.

Det seier Audun før han startar arbeidet med å få på plass ei ny dør saman med ein annan dugnadsveteran i Uskedalen – Edvin Kjærland. Saman har dei opp gjennom åra gjort ein kjempejobb også for ein annan av bygningane til ungdomslaget – hytta Fjelly ved Mannsvatnet. Edvin har for sin del vore på dugnad der 33 gonger!

Det som er gjort på Helgheim i tillegg til ein takreparasjon med stor dugnadsinnsats er dette:

- Innsetting av to varmpumper i hovudsalen.
- Utskifting av vindu i hovudsalen med foring og listing.
- Pussing og oljing av tre ytterdørar.
- Skraping og maling utvendig.
- Skifting av golvbelegg i garderobeområdet.
- Opprusting av elanlegget både med innleigd hjelp og på dugnad.

Ikkje minst malingsarbeidet var ein stor jobb som vara gjennom mykje av sommaren. Det er rundt 10 år sidan sist Helgheim vart måla og slitasten var heller stor. Heldigvis var det ikkje nødvendig å skifte ut så mange rotne bord, faktisk berre nokre få. Og det stilreine huset, teikna av Bjarne Meidel, fekk den same fargen som det har hatt gjennom mange år.

Også oppussinga av dørene var et arbeid som krevde stort tålmod.

Golvet i hovudsalen blir det neste innvendige restaureringsobjektet, men når dei kan ta fatt på det kan ikkje Audun seia noko om i dag.

Er han så fornøgd med dugnadsinnsatsen på Helgheim?

- Det går jo litt i rykk og napp, alle har mykje å gjera. Litt masing har vore nødvendig. Men eg skal ikkje klage. Mange har vore svært positive og lette å be. Fleire har gjort ein stor jobb og eg er stort sett fornøgd.

Edvin kjem inn: - Det har gått så bra fordi du har gått foran som eit så godt eksempel, Audun!

Både Audun og Edvin er glade for at Helgheim framleis har ein så viktig funksjon i lokalsamfunnet. Lokalet er mykje brukt. Bingoen på onsdagar er ein fast "knagg" og det er ikkje minst mange bryllup og bursdagsfeiringar i huset.

Av Ola Matti Mathisen



Helgheim er eit staseleg hus – ikkje minst når det er nymåla!. (Foto: Ola Matti Mathisen)